

## Radøy kommune

### Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
094/2016	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2016
066/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	16/13867

### Suppleringsval til kontrollutvalet i Radøy

#### **Saksopplysingar:**

Ane Ottesen har meldt frå om at ho har flytta og no er folkeregistrert i Bergen kommune. Etter § 15 i Kommunelova kan ho difor ikkje lenger sitja som medlem i kontrollutvalet i Radøy, og det må gjerast suppleringsval til utvalet.

Kommunelova legg føringar for at det ved suppleringsval må veljast eit nytt medlem frå den same gruppa som den som trer ut. For å innfri krav til kjønnsfordeling i kontrollutvalet, må det veljast ei kvinne i Ane Ottesen sin stad.

Ane Ottesen er også 2. varamedlem for Høgre i kommunestyret.

Formannskapet som valnemnd kjem med innstilling til kommunestyret.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

#### Formannskapet i Radøy - 094/2016

##### **FS - handsaming:**

*Kenneth Taule Murberg (H) sette fram følgjande framlegg til suppleringsval i Kontrollutvalet:*

Siv Beate Marøy (H) går inn som nytt medlem i Kontrollutvalet

Karolina Vaktskjold (H) går inn som 3. varamedlem i Kontrollutvalet etter Siv Beate Marøy.

Ane Ottesen er også 2. varamedlem til kommunestyret - og der blir det opprykk på Høgre si liste over varamedlemer.

Formannskapet som valnemnda vedtok samråystes suppleringsval til Kontrollutvalet.

##### **FS - vedtak:**

Siv Beate Marøy (H) går inn som nytt medlem for Ane Ottesen i Kontrollutvalet

Karolina Vaktskjold (H) går inn som 3. varamedlem i Kontrollutvalet for Siv Beate Marøy

## **Kommunestyret i Radøy - 066/2016**

### **KS - handsaming:**

Leif Taule (Sp) kom med følgjande tilleggsframlegg:

Høgre si varamedlem-liste til kommunestyret blir supplert med ny 8. varamedlem - Stian Haukeland.

Kommunestyret vedtok samrådstes valnemnda (formannskapet) sitt framlegg, med tilleggsframlegg i møtet.

### **KS - vedtak:**

Siv Beate Marøy (H) går inn som nytt medlem i Kontrollutvalet

Karolina Vaktskjold (H) går inn som 3. varamedlem i Kontrollutvalet etter Siv Beate Marøy.

Høgre si varamedlem-liste til kommunestyret rykkjer opp når Ane Ottesen går ut. Varalista blir supplert med nytt 8. varamedlem - Stian Haukeland.